

Emnerapport for RUS302 – Tekst og skriftleg russisk – hausten 2011

Nivå: Master

Undervisningsspråk: Norsk og russisk

Læringsutbytte/resultat:

Etter fullført emne skal studentane

- ha fått god innsikt i eit russisk akademisk omgrepsapparat og kunnskap om korleis ein byggjer opp og formulerer eit akademisk essay på russisk.
- ha opparbeidd praktisk dugleik i å utforma akademiske tekstar gjennom arbeidet med heimeessayet og førebuinga til skuleessayet.
- ha øvd opp dugleik i å omsetja forholdsvis avanserte tekstar frå norsk til russisk.
- ha vidareutvikla dugleiken i å lesa og forstå tekstar innan ulike sjangrar, med hovudvekt på vitskaplege tekstar.
- ha utvida det generelle aktive og passive ordforrådet, så vel som eit meir fagspesifikt akademisk vokabular, både munnleg og skriftleg.
- vera godt budde på å skriva ei masteroppgåve innan russiskfaget.

Vurderingsformer

- 1) Skuleeksamen med omsetjing frå norsk til russisk av ein tekst på omlag 300 ord.
- 2) Mappedvurdering: Mappa inneheld eit heimeessay på russisk på ca. 2000 ord og ein intern prøve i essayskriving, også den på russisk, på ca. 500 ord.

I mappa tel heimeessayet 70% og prøva 30% av samla karakter. Ved fastsetjing av endeleg karakter tel skuleeksamen i omsetjing 40% og mappa 60%.

Pensum

Studentane les eit fellespensum og eit særpensum med variert sakprosa og skjønnlitteratur. Særpensumet vert sett saman i samråd med faglærer og dannar grunnlag for skrivinga av heimeessayet.

Hausten 2011 var A.B. Velitsjko & L.P. Judina, 2008, *Russkij jazyk v tekstakh o filologii*, Mikhail Sjiskin sin kortroman *Uroki kaligrafii* (1992) og eit kompendium med 12 tekstar som skulle omsetjast til russisk, fellespensum, medan studentane la opp individuelle utval av artiklar som særpensum.

Studenttal: 4

Undervisning

Undervisninga omfattar ein dobbelttime i veka med omsetjingsøvingar norsk-russisk og ein dobbelttime i veka med teoretisk og praktisk oppøving i essayskriving på russisk og lesing av/kommentarar til pensumtekstar.

Studentevaluering

Evalueringsskjemaet inneheldt spørsmål om pensum og undervisning (mengde, fagleg utbytte), heimeessayet (prosess og oppfølging), skuleessayet (relevans for mappa,

pensum og innhald), kvalitet på undervisninga og totalvurdering. Alle dei 4 studentane meinte at det var “passe” mykje pensum og undervisning (alternativa var “for mykje” og “for lite”), 3 av dei 4 svara at dei hadde hatt fagleg utbytte av emnet “i svært stor grad”, medan 1 svarte “i stor grad”. Alle 4 svarte at dei var “godt nøgd” med oppfølginga på heimeessayet (alternativa var “middels nøgd” og “mindre nøgd”), medan ei(n) skreiv i kommentarfeltet at dei burde fått betre tid på seg til å driva *research* før dei tok til å skriva heimessayet. 2 var “godt nøgde” med at prøva i essayskriving inngår i mappa, ein var “middels nøgd” og den siste “mindre nøgd”. Det vart mellom anna kommentert at pensum for essayprøva er for einsidig filologisk og at det burde vera lov å bruka ordbøker på denne eksamenen. Alle meinte at undervisninga hadde fungert “godt” i høve til pensum (og her var alternativa “middels” og “mindre bra”). I totalvurderinga vart studentane bedne om å gje emnet som heilskap ein karakter frå A til F. 3 vurderte det til A og 1 til B.

Samla evaluering frå emneansvarleg med forslag til endringar

Ein norsk førelesar og den russiske språkpedagogen samarbeider om undervisninga i dette emnet, ei fordeling vi er godt nøgde med. Den norske emneansvarlege underviser i omsetjing norsk–russisk (heile semesteret) og i tekst/essayskriving dei 6 fyrste vekene av semesteret, medan den russiske språkpedagogen tek over undervisninga i tekst/essayskriving dei 6 siste vekene av semesteret.

I arbeidet med å omsetja tekstar frå norsk til russisk er målet – i tillegg til å verta betre i omsetjing – å utvida studentane sitt vokabular innan ulike sjangrar, styrka grammatikk-kunnskapane og øva opp dugleiken i idiomatisk språkbruk. Vi planlegg å supplera pensum i omsetjing med boka A. B. Basko, 2012, *Obsuzjdaem globalnye problemy, povtarjaem russkiju grammatiku*, Moskva: Russkij jazyk – eit verk for studentar på høgt nivå, som tek sikte på å utvida og aktivisera ordforrådet innan aktuelle tema (som globalisering, miljøvern, demografi, samfunn, politikk o.a.) og jamvel å etablara dei generelle grammatikk-kunnskapane deira og stimulera til bruk av meir avanserte grammatiske konstruksjonar.

I fyrste halvdel av semesteret er målet i tekst/essayskriving å gje studentane innsikt i eit russisk akademisk omgrepsapparat og teoretisk kunnskap om korleis ein byggjer opp og formulerer ein akademisk tekst på russisk. Studentane vert oppmoda til å velja eit emne for heimeessayet som grensar opp til det temaet dei planlegg å skriva masteroppgåve om, slik at dette særpensumet jamvel kan ha relevans for masteroppgåva. Før språkpedagogen tek over undervisninga, skal studentane ha levert ein disposisjon for heimeessayet og sett saman eit særpensum i samråd med emneansvarleg.

Siste halvdel av semesteret er undervisninga i tekst/essayskriving meir praktisk orientert. Delar av pensum vert gjennomgått og kommentert, samstundes som studentane arbeider vidare med heimeessayet og førebuinga til skuleessayet. Dei får i denne perioden også individuell rettleiing og hjelp til den språklege utforminga av heimeessayet.

Tidlegare skreiv studentane to heimeessay i RUS302, men etter tilbagemeldingar om at den samla arbeidsmengda i emna RUS301 og RUS302 (som dei tek parallelt) var for stor, vart innhaldet i mappa på RUS302 redusert til 1 heimeessay. Det har hatt ein positiv verknad i den forstand at den faglege og språklege kvaliteten på det eine essayet forventeleg synest å ha vorte høgare enn den var då dei skreiv to essay.

Som nokre av studentane har påpeika, både munnleg og i evalueringane sine, er skuleprøva den delen av emnet som kanskje fungerer dårlegast, noko vi undervisarar er samde i og ynskjer å gjera noko med. Hovudverket på fellespensum (*Russkij jazyk v tekstakh o filologii – Russisk språk i tekstar om filologi*) fungerer godt som ei innføring i eit russisk filologisk omgrepsapparat og akademisk språkføring, men tekstane i den er tematisk sett ikkje djuptgripande nok til å danna grunnlag for akademiske essay. Oppgåvene for skuleessayet har difor vore for generelt formulert og forutseielege. Vi ynskjer difor å utvida fellespensum med fleire vitenskaplege artiklar om dei emna som vert handsama i dette verket og jamvel gje utvida tid (frå 3 til 4 timar) til å skriva skule-essayet. Samstundes vurderer vi å opna opp for bruk av russisk-russisk, og eventuelt også norsk-russisk ordbok under denne prøva.

Eksamensresultat:

Alle dei 4 oppmeldte møtte til eksamen, og den samla snittkarakteren var B.

Del 1 (Omsetjing)	Del 2 (Mappe)	Samla karakter
B	B	B
A	A	A
E	C	D
C	B	B